



No kjem det breiband også ovanfor Klammeren, der dette biletet er teke.

No ljosnar det for dei som bur ovanfor Klammeren. Rådmannen prioriterar dei fyrst for utbygging av breiband, foran området frå Matre ferjekai og inn til Åkra. På tredjeplass kjem Skorpo og Snilstveitøy, som ikkje har nokon breiband men kan nytta mobilt breiband. Rådmannen strekar under at det er mange fritidsbustadar i dette området. Sist på priolista kjem Gjetingsdalen som ikkje har breiband og varierende forhold på mobilt breiband

I år vil det bli mogeleg å søkja om midlar til vidare utbygging og Kvinnherad vil søkja om slike midlar. Kommunen har idag nokså god dekning når det gjeld mogelegheit til å få breiband, men nokre området står utan eller har ei dårleg løysing.

I øvre del av Uskedalen har dei idag ei løysing med trådløst breiband som er svært ustabil. I området er det fleire næringsdrivande og dagens løyving er ikkje tilfredsstillande, påpeikar rådmannen.

Ein av føresetnadane til å søkja om statleg tilskot frå NKOM er at kommunen opplysar kva områder det gjeld for med 15. mai som frist og det skjer no.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen